

Vedtekter for SFO ved Tryggheim Strand

1. Eigarforhold

Tryggheim Strand AS er eigar og drivar av SFO ved Tryggheim Strand. Tryggheim Strand er ein grunnskule godkjent etter privatskolelova. Skulen er ikkje pålagt å ha SFO, men slik verksemd kan drivast i tilknytning til skulen.

2. Føremål og målgruppe

- a. SFO er eit friviljug omsorgs- og fritidstilbod før og etter skuletid for elevar på 1.–4. trinn på Tryggheim Strand
- b. Skolefritidsordningen skal legge til rette for lek, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder og interesser hos borna. SFO-en skal gi borna omsorg og tilsyn.

3. Drift og ansvar

- a. Vedtektene for SFO vert vedtekne av styret for Tryggheim Strand, og drifta ved SFO skal fylgje desse vedtektene.
- b. FAU for Tryggheim Strand omfattar òg SFO.
- c. Rektor er fagleg- og administrativt ansvarleg for den daglege drifta av SFO, herunder opptak.

4. Bemanning

Det vert rekna ein vaksen per 10-12 born. Av omsyn til tryggleik for born og vaksne skal det vera to tilsette til stades på skulen i opningstidene til SFO, der òg ein kan vera bakvakt på skulen.

5. Søknad og opptak

- a. Oppstart i SFO er første verkedag i august.
- b. Påmelding til SFO for born som skal starte i 1. klasse, eller for born som tidlegare ikkje har hatt plass i SFO, må sendast skulen innan 1. mai.
- c. For opptak til SFO elles i året må det søkjast minimum 2 månadar i forkant.
- d. Elevar som får plass, har plassen inntil feriestart for SFO det året barnet går i 4. klasse med mindre det i mellomtida føreligg ei oppseiing av plassen.
- e. Målsetjinga er at alle som melder behov for plass gjennom skuleåret får det. Ettersom skolen ikkje plikter å tilby SFO og den ikke er offentleg finansiert, vil skulen kunne avslå ein søknad om SFO-plass. Dette vil kunne vera aktuelt dersom barnet sitt behov for å kunne innfri forsvarleg "omsorg og tilsyn" (jmf. opplæringsloven §13-7) krever auka bemanning eller særskilt kompetanse hjå tilsette.
- f. Ved søknad om opptak skal det leggast inn opphaldsplan for når barnet skal vera på SFO. Endring av plan, t.d. ved endra behov, må søkjast om seinast to månadar før endring trer i kraft, gjeldande frå den 1. i påfølgjande månad.

6. Oppseiingsfrist

- a. Oppseiing av plassen må skje skriftleg.

- b. Det er 2 månadar oppseiingstid på ein SFO-plass. Oppseiingstida gjeld frå den 1. i påfølgande månad.
- c. Det må betalast for plassen i oppseiingstida, anten ein nyttar plassen eller ikkje.
- d. Skulen kan seie opp plassen med to månadars varsel ved manglande betaling og ved brot på vedtektene eller ordensreglement for SFO.

7. Foreldrebetaling

- a. Styret vedtek foreldrebetaling for opphald i SFO og foreldre pliktar å betale etter dei takstane og betalingsreglane som styret vedtek.
- b. Det er egne satsar for betaling for mat som kjem i tillegg til betaling for SFO-plass.

8. Opningstider

- a. SFO har ope alle skuledagar etter gjeldande skulerute, frå 0700 til 0820, og frå avslutning av siste skuletime og til 16.00.
- b. Det kan søkast følgande opphald:
 - i. heiltidsplass – 100% (5 dagar)
 - ii. deltidsplass - 60% (3 dagar eller mindre)
- c. SFO er stengt på skulen sine planleggingsdagar. Ved tilstrekkeleg interesse (minimum 4 born) og mot ekstra betaling, er det òg tilbod om SFO 0700 til 1600 i skulen sin vinterferie, haustferie og i juni og august.
- d. Det er styret for skulen som vedtek endringar i opningstidene.

9. Satsar

- a. For skuleåret 2025/2026 er betalingsattsane for SFO følgande:

Produkt	Pris
Deltid 1.-3. trinn (inntil 3 dagar)	0,-
Heiltid 1.-3. trinn (meir enn 3 dagar)	800,-
Deltid 4. trinn (inntil 3 dagar)	2400,-
Heiltid 4. trinn (meir enn 3 dagar)	3200,-
Pris pr dag i vinterferie og haustferie	350,-
Matpengar heiltidsplass per månad	200,-
Matpengar deltidsplass per månad	120,-

Vedtektene er vedtekne av styret for Tryggheim Strand i november 2024.